

Vitring frå styret – årsmelding for Studentmållaget i Bergen

Februar:

9. februar: Årsmøte på Studentsenteret. Det vart valt nytt styre, med to nye medlemer (Vetle og Karen). Desse to gjekk av ulike grunnar ut av styret etter eit halvt år. Elles haldt alle styremedlemene fram, utanom Anna Elise, som gjekk over i valnemnda etter god innsats i styret over fleire år. Ved slutten av perioden er styret dimed sett saman av Marta, Fredrik, Ingrid, Aslaug, Håkon og Øystein.

16. februar: Årsmøte i Bergen Mållag.

24. februar: Møte med byråd Hafstad Thorsen om nynorsk i Bergen. Marta møtte og snakka med han saman med Nils Mæhle (Bergen Mållag) og Oddvar Skre (Fana Mållag).

Mars:

4.-6. mars: Studentsamling i Stavanger.

12.-13. mars: Årsmøte Hordaland Mållag.

Utdeling av sidemålsamflettar.

15. mars: Nynorsk kurs med Vegard.

April:

1.-3. april: Landsmøtet til NMU.

15.-17. april: Landsmøtet til Noregs Mållag.

15. april: Landsmøtemålpils på Kvarteret med både landsmøtedeltakarar og lokale SmiB-arar. Stor suksess!

Mai:

17. mai: Kransenedlegging ved Ivar Aasen-byta. Peder Lofnes Hauge var festtalar.

20. mai: Summaravslutningsmiddag på Egon.

Juni:

Eksamenstid og sommarferiestart.

Juli:

Sumarleir i Søgne på Sørlandet.

August:

30. august: Nynorskkveld med Juristmållaget. Håkon, Fredrik og Marta stilte frå styret, og informerte om aktivitetane til Studentmållaget.

Stand (på organisasjonsdagane til HiB og UiB).

September:

5. september: Semesterstartpizza!

19. september: «Ingen nynorsk – inga avtale»-fotoaksjon på Torgallmenningen.

20. september: Bannermåling.

Stand/Utdeling av nynorsknyklar.

Oktober:

30. september – 2. oktober: Haustkonferanse.

4. oktober: Vår nynorskbar, med Ida Haugum.

20. oktober: Stand på Kronstad for kampanjen «Framtidas superlærer kan nynorsk».

23. oktober: 70-årsbursdagsfest, hurra for oss! Me åt kake, hadde kviss og kosa oss masse. Hipp-hipp!

November:

5. november: Peter Hognestad-jubileum.

14. november: Høyringssvarskrivedugnad på Kvarteret.

19. november: Idédugnad for målarbeid i Hordaland.

23. november: Me hang opp det eine eksamensbanneret vårt på Studentsenteret til UiB.

24. november: Me hang opp det andre eksamensbanneret på Kronstad (HiB).

25. november: Grautfest på kontoret, rundt 15 personar deltok. Veldig koseleg!

30. november: Peparkake- og matpakkesamling på Kronstad.

Desember:

Overgangen november/desember: Eksamenstid og eksamensbanner oppe på Studentsenteret (på høgskulen måtte me ta det ned att). Banneret på Studentsenteret kom på fjernsynet!

2. desember: Utdeling av Kringkastingsprisen på Ervingen, Arill Riise fekk prisen og SmiB gratulerte.

Januar:

13.-15. januar: Vinterleiren til NMU på Kvam i Vinstra, fem SmiB-arar reiste frå Bergen.

Styrearbeidet:

Sidan sist årsmøte har me hatt 14 styremøte. Talet på medlemar i styret har variert litt gjennom året, sidan Karen flytta og Vetle gjekk ut av styret rundt sommarferien. Arbeidet i styret har likevel både før og etter dette fungert godt. Dei som sit att i styret no i slutten av perioden kjenner kvarandre veldig godt, og arbeidet har i stor grad blitt fordelt fint med godt samarbeid oss i mellom.

70-årsjubileet:

At me vart 70 år i 2016 måtte sjølvstøtt feirast, og dette var dessutan eit av punkta frå fireårsplanen vår, så dette har me hatt i tankane lenge. Det er kjekt å bli 70 år, veldig kjekt. Me erfarte at det er vanskeleg å få tid og moglegheit til å gjennomføra absolutt alt ein har lyst til, men me fekk til ein stor del av planane for året, og det er me glade for.

Tilfang:

Endeleg har me fått oss nytt tilfang! I løpet av året har me fått oss eit eige SmiB-rullebanner, leiketatoeringar, og t-skjorter. Leiketatoeringane har vist seg å vera spesielt populære, både blant små og store målmenneske. No før årsmøtet er det berre paraplyane som manglar av dei tinga me har planlagt å skaffa oss, og no er òg dei tinga. Elles har me har sendt ut SÅ mange klistremerke!

Vestlandsregionen og anna aktivitet:

Vestlandsregionen har vore eit heitt tema det siste halvåret godt og vel, og er noko me i laget har brukt ein del tid på. I tillegg til å arrangera høyringssvarskivedugnad med gode resultat, har me lagt mykje innsats i å få flest mogleg til å uttrykkja meininga si omkring språk og nynorsk i det potensielle nye fylket. Me har skrivne høyringssvar til Hordaland frå SmiB, og til alle dei tre fylka saman med andre studentmållag. Medlemar i laget har blitt intervjuet om saka i ulike samanhengar, og saman med

resten av målrørsla i landet har me vore med på å setja språkspørsmålet i fokus for innbyggjarane i dei tre vestlandsfylka.

Mykje av arbeidet rundt Vestlandsregionen og andre sakar me har arbeidd med, har vore i samarbeid med andre lag i regionen, andre studentmållag, og resten av Norsk Målungdom og målrørsla. Her lokalt har me delteke med observatør på nærmast alle styremøta til Bergen og Hordaland Mållag. I tillegg til at me normalt sett arrangerer nynorskbar ein gong i halvåret, har medleamar av laget vore tilstade på nærmast alle nynorskbarane til Bergen Mållag dette året. Me har delteke på arrangement sentralt, og tykkjer det var ekstra kjekt at landsmøtet til Noregs Mållag var her i Bergen.